N O R S K - E S T I S K K U L T U R N Y T T

Nr. 2, 1991. Meldingsblad for Norsk-estisk kulturlag (Norra-eesti kultuuriühing). Førsteopplag 301.
Bladet er redigert av Turid Farbregd, skrivaren i laget. Adressa hennar er Granvägen 14 A 36, SF - 00270 Helsingfors, Finland. tlf. Helsingfors 477 1 488.
Redaksjonen blei avslutta 6. mars, og postinga går for seg 8. mars. Frist for stoff til neste nummer er 1. mai.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE

Norsk-estisk kulturlag held årsmøte i Oslo torsdag 11. april klokka 18.00 i seminarrom 51, Niels Trschows hus, 5. etasje, Universitetet, Blindern, innkjøring frå Niels Henrik Abelsvei.

Framlegg til sakliste:
1. Møtet konstituerer seg
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Arbeidsprogram og budsjett
5. Fastsetjing av kontingent
6. Nye vedtekter, sjå framlegg s. 4-5
7. Val
8. Eventuelt

Sosialt samver etter møtet med estiske gjester, lett servering og sal av estiske bøker, plater etc.

Då førre nummer av **Norsk-estisk kulturnytt** blei sendt ut i januar, såg det ut som kva som helst kunne skje i Baltikum. Akkurat det har ikkje forandra seg, så det er godt å vita at dersom det trengst, opnar Noreg grensene sine for baltiske flyktningar. Me er likevel optimistiske nok til å håpa og tru at det ikkje skal bli nødvendig og satsar framleis på ei fredeleg utvikling.

MEININGSMÅLINGAR/FOLKERØYSTINGAR
er no haldne i alle dei tre baltiske landa. Spørsmålet folk skulle svara på var litt ulikt utforma, men forenkla sagt sa eit fleirtal i alle tre land ja til sjølvstende - **i Litauen over 90 %, i Estland nesten 78 % og i Latvia bortimot 74 %.**

Dette var samtidig ei klar støtte til den politikken regjeringane i dei tre landa har ført. På bakgrunn av demografiske og andre forhold var kanskje resultatet på sett og vis svakast for Estland, og det kan vekkja til ein viss ettertanke, men det er vanskeleg å gå djupare inn i dette sakskomplekset i våre spalter.

Ved alle røystingane stilte medlemmer frå kulturlaget opp som observatørar, for det meste i regi av Den norske Helsingfors-komitéen. Lista kan vera ufullstendig, men av våre folk gjorde i alle fall følgjande ein innsats: **Anton Fredrik Andresen, Kirsten Flemestad, Jan Ivar Bjørnflaten og**

Terje Mathiassen i Litauen og Latvia. Norske representantar i Estland var **Ole Drolsum og Turid Farbregd**. Sistnemnde var av riksminister Raivo Vare invitert direkte som representant for Norsk-estisk kulturlag, men også ho samarbeidde med Helsingfors-komitéen.

Drolsum følgde røystinga i Tartu, og Turid Farbregd i Narva. Nettopp i nordaust har russifiseringa vore mest intens. Heile Narva vart bomba i grus under andre verdskrigen, og då byen vart gjenoppbygd, var det omtrent uråd for estarar å få tildelt bustad. Berre fire prosent av innbyggjarane er no estarar, men 25,5% av dei som røysta, gjekk likevel inn for sjølvstende.

Det var heilt til siste stund uklart om Narva og Kohtla-Järve kom til å delta i røystinga/meiningsmålinga. Dei gjekk til slutt med på det, men arrangerte samtidig si eiga utspørjing der ein skulle seia da eller njet til om Estland skulle vera ein del av Sovjetunionen. Den som f.eks. velvillig kryssa av for ja på begge setlane, røysta samtidig imot seg sjølv. Folk som ikkje var registrerte med røysterett, vart frakta inn med buss for å delta i den lokale røystinga som tydeleg var manipulert for å få fram eit bestemt resultat.

Interessant var det å sjå korleis russarane oppfatta val og røysting som ei familiesak slik at det var naturleg at ektepar og nærskylde gjekk samtidig inn i avlukka.

BALTISKE NASJONALDAGAR

Dei baltiske landa erklærte seg sjølvstendige 1918: Litauen 16. februar, Estland 24. februar og Latvia 18. november. Desse dagane blir markerte mange stader i utlandet også. Det estiske hovudarrangementet i Noreg var i år i Waldemarshøy-bygningen på Ski og i regi av Estisk Selskap i Norge (leiar **Tiiu Anderson**). Hovudtalar var stortingsrepresentant **Per Sævik**, som nyleg vitja Estland. Vidare var det helsingar m.a. frå ordføraren i Ski, **Kjell Opsahl**, frå Kulturlaget Norge-Latvija ved **Kaja Wendt** og sjølvsagt frå Norsk-estisk kulturlag ved leiaren vår, **Per Martin Tvengsberg**. Estiske gjester var m.a. riksminister **Raivo Vare**, sekretær for internasjonale saker **Urmas Karileet**, og sekretær på nordisk informasjonskontor i Tallinn, **Mare Luts**.

Sjølvsagt vart nasjonaldagen markert på mange vis i Estland. Her nemner me berre at saman med kona si, **Berit Iversen**, var **Ivar Otto Iversen** frå kulturlaget (og frå Ski!) med på eit arrangement i regi av vennskapsforeningane i Tallinn. Iversen bar fram ei helsing frå Noreg og overleverte eit norsk flagg som ei symbolsk gåve til **Jaak Kangilaski**, leiar i den estisk-norske foreninga (Eesti-Norra Selts). Dette vart vist i estisk fjernsyn.

NORDISKE INFORMASJONSKONTOR

som er underlagde Nordisk Råd blir oppretta i alle dei tre baltiske landa. Først ute var Tallinn som 30. januar fekk sitt kontor. Til stades ved opninga var m.a. riksminister **Raivo Vare**. Som sekretær fungerer **Mare Luts**; ho har studert nordiske språk ved universitetet i Leningrad. Nordisk Råd skulle 25. februar utpeika sjefane for informasjonskontora.
Til Vilnius reiser ein svenske, til Riga nordmannen **Richard Bærug** (leiar i kulturlaget Norge-Latvija og medlem i Norsk-estisk kulturlag), og til Tallinn finnen **Leo Salonen**. Norsk-estisk kulturlag ønskjer alle til lykke med stillinga og ser fram til eit godt samarbeid.

BALTISKE INFORMASJONSKONTOR

er likeins oppretta i dei nordiske landa. I Oslo er det f.eks. eit litauisk kontor, og eit baltisk felleskontor i vart opna i København 20.12. med alle nordiske og baltiske utanriksministrar til stades. Leiar for den estiske avdelinga der er vår gamle venn, omsetjaren **Arvo Alas**, som i tillegg til estisk og russisk kan både norsk, dansk, svensk, finsk, islandsk og færøyisk. Ein slik språkleg kompetanse kunne ingen hamla opp med.

Alas har sendt kulturlaget ei imponerande liste over norsk litteratur som er sett om til estisk. Den kompletterer me, og sidan får me sjå om lista skal bli vedlegg til Norsk-estisk kulturnytt eller om ho berre skal sendast til interesserte på bestilling.

I avisa **Postimees** (Postmannen, blir utgitt i Tartu, tidlegare med namnet Edasi) fortel Arvo Alas i eit intervju 1.3. om arbeidet sitt som er både krevjande og variert. Han informerer om Estland i Danmark og formidlar informasjon om/frå alle dei nordiske landa, f.eks. slikt som utanriksdepartementet i Tallinn er interessert i.

Estland har også kontor i Stockholm, Helsingfors og Paris. Kontoret i Finland blir kalla "kulturpunkt".

MENNESKERETTANE

i Estland er granska på ein internasjonal konferanse 11.-13.2. Norsk deltakar var professor **Asbjørn Eide**. I tillegg til daglege rapportar viste estisk fjernsyn 20.2. eit samandrag på ein halv time. Det har ikkje mangla komiske innslag heller, og dei hadde gjerne samanheng med at omgrepet menneskerett nok var diffust for mange av dei som stilte opp med klagemål.

Konferansedeltakarane kunne konstatera at det frå estisk side er teke godt vare på menneskerettane, men at det nok er ein del politiske motsetnader i samfunnet.

GULF-KRIGEN

greip også inn i det norsk-estiske samkvemet. Fleire viktige reiser til Estland blei utsette på grunn av frykt for terror-handlingar mot flytrafikken. No vonar me at desse sendelaga etter kvart kjem av garde og kan gjera det viktige arbeidet sitt. Det gjeld mellom anna det nordiske gymnaset i Tallinn og det gjeld kontaktane med jordbruksskular og bondeorganisasjonar for å få i stand utveksling.

NORSK LEKTOR I TARTU

Fleire av medlemene i kulturlaget har arbeidd for å få oppretta eit lektorat i norsk ved Tartu universitet og likeins ei stilling i estisk ved eit norsk universitet som helst skulle vera Oslo på grunn av at Latvia og Litauen får lektorat der.

Desse sakene er no så langt komne at den norske staten støttar stillinga i Tartu med ei årleg løyving i form av lønnstilskot til lektoren. Stillinga er lyst ledig frå 1. september 1991. Kulturlaget gav alt i haust ei lita bokgåve til lektoratet, og utanriksdepartementet sender ei <u>stor</u> bokgåve som m.a. skal omfatta lærebøker og ordbøker for studentane.

Adressa er: Norra keele lektor, Põhjamaade keelte ja kultuuri keskus, Jakobi tänav 2, 202400 Tartu, ESTLAND.

VEDTEKTER FOR NORSK-ESTISK KULTURLAG
(vedtekne 26.6.1984, framlegg til endringar innarbeidde)

1. NAMN

Laget heiter Norsk-estisk kulturlag. Det estiske namnet er Norra-eesti kultuuriühing.

2. FORMÅL

Laget skal i Noreg verka for å spreia kjennskap til estisk språk og kultur, og for å fremja vennskapen mellom det norske og det estiske folket.

3. ARBEIDSFELT

Laget vil økonomisk og på anna vis støtta personar, lag og/eller prosjekt som det ut frå paragraf 2 kan vera føremålstenleg å støtta. Det kan f.eks. vera:

- Oppretting av kontaktar mellom norske og estiske einskildpersonar, institusjonar og organisasjonar.
- Utveksling av skule-elevar og studentar.
- Omsetjing og utgiving av estisk litteratur.
- Studium av estisk språk og kultur.
- Kulturarrangement av ymse slag.
- Andre tiltak som fører til forståing og utvida samkvem mellom det norske og det estiske folket.

4. ØKONOMI

Laget får midla sine gjennom:

- Lagspengar.
- Offentlege løyvingar.
- Gåver og liknande.
- Sal av bøker, plater osv., helst med tilknyting til estisk språk og kultur.

Norsk-estisk kulturfond sorterer etter nærare reglar under kulturlaget. Sjå eigne vedtekter.

4. MEDLEMSKAP

Einskildpersonar som vil støtta kulturlaget, kan bli medlemmer ved å betala medlemspengar. Organisasjonar, skular o.l. kan bli medlemmer etter søknad.
Medlemskapen tek slutt om kontingenten ikkje blir betalt. Styret kan også vedta at medlemskapen tek slutt dersom ein medlem er til skade for kulturlaget og det norsk-estiske samkvemet.

5. ORGANISASJON

I styret skal det vera leiar, nestleiar, skrivar, kasserar og ein styremedlem, som blir valde på årsmøtet. Likeins blir det valt to varamedlemmer til styret. Leiar eller nestleiar kan kalla inn styret med ei vekes varsel. Styret kan ha kontaktpersonar eller oppretta grupper som arbeider med spesielle oppgåver. Styrevedtak kan også i visse høve gjerast per post eller telefon.

6. ÅRSMØTET

A. Årsmøtet blir halde før utgangen av april kvart år. Styret sender innkalling til årsmøtet minst fire veker i førevegen. Med innkallinga skal det følgja sakliste. Til årsmøtet skal det føreliggja årsmelding, rekneskap, ajourførd medlemsliste, retningsgjevande arbeidsprogram, budsjett, eventuelle framlegg til vedtektsendringar og framlegg til medlemmer av styret.
B. Årsmøtet skal m.a.:
1 Vedta årsmeldinga og rekneskapen.
2 Vedta arbeidsprogrammet og budsjettet.
3 Fastsetja medlemskontingent for følgjande år.
4 Velja fem medlemmer og to varamedlemmer til styret. Av dei fem faste styremedlemmene kan ikkje fleire enn to skiftast ut kvar gong.
5 Velja revisor.
C. Årsmøteprotokollen skal skrivast under av den nyvalde leiaren og to årsmøtedeltakarar som blir valde av årsmøtet. Protokollen blir send ut til medlemmene i første utsending etter årsmøtet.
D. Ekstraordinært årsmøte kan innkallast om styret eller ein fjerdepart av medlemmene meiner det er nødvendig.

7. ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av vedtektene kan gjerast på lovleg innkalla årsmøte eller på ekstraordinært årsmøte. Det trengst minst to tredjedels fleirtal.

8. OPPLØYSING AV LAGET

Vedtak om oppløysing av laget kan gjerast på same vilkår som vedtektsendringar. Ved oppløysing av laget skal eventuelle aktiva overførast til eit anna organ i Noreg eller i Estland med tilsvarande målsetjing. Det kan i Noreg vera Estlandsforeninga i Rogaland, og i Estland kan det vera Estisk institutt.

NOREG LØYVER PENGAR TIL BALTIKUM

fekk me vita i januar. Samla løyving var på 9 millionar kroner. Av desse pengane har Norsk-estisk kulturlag fått 90.000. Det betyr at me no opererer med atskilleg større budsjett enn før, men prosjekta er også større og fleire, så faktisk hadde me søkt om ein del meir enn det som vart løyvd.

Gledeleg var det at eksilestarane også fekk ein sum av staten. Dei vakna til liv og organiserte seg hausten 1987 i Eesti Selts Norras (Estisk Selskap i Norge).

Kulturlaget er heilt på line med styresmaktene når det blir lagt vekt på utdanning og kompetansegivande utveksling. Ein del pengar er kanaliserte via NAVF til baltiske studentar og forskarar. Der har me spreidd informasjon og funne fram til søkjarar som kan nyttiggjera seg eit opphald i Noreg.

HØYRER DU GJERNE PÅ RADIO?

Rolf Løvstrøm i Oslo har sendt oss nyttig informasjon:

RADIO I BALTIKUM: Radiostasjonene i Estland, Lettland og Litauen sender hver dag på både svensk, tysk og engelsk til utlandet. Senderne er meget interessert i kontakt med lyttere i Norden, og som regel høres de bra her, i hvertfall på Østlandet.

Radio Tallinn sender på svensk alle dager klokka 2200-2230 norsk tid på mellombølge 1035 kHz og kortbølge 5925 kHz. Det er også en sending søndager 1000-1020 på samme frekvenser. En engelsk sending går på mandager kl. 22.30-23.00.

Radio Riga i Lettland sender på svensk slik: tirsdag/torsdag/lørdag 2130-2200 og søndag 0900-0930 på mellombølge 1350 kHz og kortbølge 5935 kHz. Dessuten onsdag/fredag/søndag kl. 2330-2400 på 5935/576 kHz.

Radio Vilnius sender fra et provisorisk studio etter vinterens dramatiske okkupasjon. Sendingene på engelsk (den sender ikke på svensk) går kl. 2330-2400 på 666/1557 kHz mellombølge samt 9710 kHz kortbølge. Kortbølgen hører jeg ikke i Oslo på kveldstid. De to mellombølgefrekvensene kan være svake. Dessuten går sendingen i reprise kl. 0000-0030 på 666/1557 samt kortbølge 7400 kHz. Kortbølgefrekvensen er meget sterk og klar. Men senderen ligger i selve Sovjetunionen og har vært slått av og på etter Kremls forgodtbefinnende i vinter. Nå ser det ut som om det går som normalt.

Vinterstid bør de fleste mellombølgefrekvensene høres godt, men dette vil bli dårligere utover våren og sommeren.

Bruker du en moderne, liten reiseradio av Sony-typen, bør de kople 3-4 meter antenne eller mer til den for å høre kortbølgefrekvensene godt. Ved å vri litt på en slik reiseradio kan du peile inn signalene på mellombølge slik at du i en viss grad fjerner interferensen fra andre radiostasjoner på samme bølgelengde.

Det skal sende en stasjon som kaller seg Radio Håp (på russisk) fra en militærleir i Estland på 12056 kHz. Den drives av Den røde hær og sender Interfrontens synspunkter. Den er ikke hørt i Norge.

Skulle du oppe i alt dette også ha lyst til å høre hva **Radio Moskva** sender (eller ikke sender!) om forholdene i Baltikum, så går den norske sendingen alle dager fra 1900-2000 på bl.a. 7150 kHz godt på Østlandet.

Baltisk sam-arbeide

HANS O. TORGERSEN

Universitet i Oslo utvider sitt samarbeide med de baltiske stater. Igår underskrev rektor Inge Lønning en samarbeidsavtale sammen med rektoren ved Universitetet i Latvia, Juris Zakis.

— Samarbeidsavtalen er et ledd i det omfattende Øst-Europa-progammet som Universitetet i Oslo startet ifjor og videreferer iår, med en bevilgning på 1,9 million kroner, sier Inge Lønning.

De baltiske stater vil utgjøre en stor del av programmet. Tidligere er det inngått samarbeidsavtale med universitetet i Vilnius i Litauen. Igår føyet universitetet i Riga, med 8000 studenter seg til, og Estland står for tur. Avtalene innebærer utveksling av studenter og forskere.

Samarbeidet mellom universitetene i Oslo og Riga har allerede startet innen statsvidenskap og jus. Senere følger en rekke andre fag efter. Forøvrig har Utenriksdepartementet vedtatt å finansiere såkalte lektorater i norsk i alle de tre baltiske stater. Det innebærer at norske lektorer vil reise over for å undervise i norsk.

— Vi regner med at vi kan få lektorer fra Baltikum til Norge også. Det er en klart økende interesse blant norske studenter for disse landenes kultur, sprog og historie, sier rektor Lønning.

Aftenposten 12.2.91

Syn & Segn

Årets første utgave av Syn & Segn inneholder et interessant intervju med den estiske forfatteren Jaan Kross, av mange ansett som en meget sterk kandidat til nobelprisen. Den eneste boken som er utkommet av ham på norsk hittil, er romanen «Keisarens galning» (1986), glimrende oversatt av Turid Farbregd. Gyldendal utgir i juni iår en samling noveller av Jaan Kross. I Sverige er utkommet romanene «Romanen om Rakvere» og «Professor Martens avresa». Det er den historiske romanen som er Kross' litterære anliggende, og det er nettopp konflikten mellom historikeren og forfatteren som er tema for intervjuet.

Aftenposten 21.2.91

Arnold Rüütel og Ingrid Rüütel røystar i Tartu 3.3.91. Foto: Lembit Michelson/ETA

Kulturlagsmedlem **Svennik Høyer**, professor ved Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo har sendt oss følgjande oversikt:

KONTAKT MELLOM NORSKE OG ESTISKE JOURNALISTER, JOURNALISTSTUDENTER OG MEDIEFORSKERE

I løpet av 1990 har det foregått en del utveksling av kulturarbeidere og studenter innen media mellom Estland og Norge.

I mars 1990 reiste høgskolelektor Turid Øvrebø fra Norsk Journalisthøgskole og professor Svennik Høyer fra Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo, sammen med 7 journaliststudenter til Universitetet i Tartu. Dette var første ledd i et samarbeide som var avtalt mellom journalistutdanningen i Tartu og Oslo året før. I april 1990 kom så Hagi Sein fra estisk fjernsyn og Aune Unt fra Universitetet i Tartu til Oslo sammen med 8 estiske journaliststudenter på gjenvisitt. Oppholdet dreide seg i begge tilfelle om to uker.

Idéen bak besøkene var at journaliststudentene fra begge land skulle samarbeide om reportasjer for avis, radio og fjernsyn om sentrale samfunnsproblem i de respektive land. Hjemlandets studenter virket som kjentfolk, døråpnere og tolker. De norske studentene laget tilsammen 1 TV-innslag, 2 radio-reportasjer og 8 avisreportasjer om Estland. Temaene dreide seg om ungdomskultur, miljøspørsmål (utvinningen av oljeskifer i Nord-Estland), politikk, barnehjem og jordbruk. De estiske studentene lagde reportasjer fra Norge som dreide seg om sykehus, barnehager, enslige mødre, arbeidsløshet blant unge, ungdomskultur, Lillehammer OL og jordbruk.

Journalistutdanningen i Århus og Stockholm har fulgt opp med liknende utvekslinger overfor Latvia og Litauen. 15. mars i år arrangeres det et møte i Stockholm der representantene for nordiske journalistutdanninger drøfter det videre arbeidet overfor Baltikum.

Institutt for journalistikk, som er presseorganisasjonenes etterutdanningssenter i Fredrikstad, fikk en bevilgning fra Utenriksdepartementet til å invitere baltiske journalister. Mellom 12. og 31 august 1990 ble det så arrangert et kurs der innholdet var en blanding av språkundervisning i engelsk og forelesninger om vårt samfunn, om vår kultur og naturligvis om våre medier. I alt kom det 11 journalister som var plukket ut i samarbeid med de respektive nasjonale journalistorganisasjoner. Fra Estland kom Katrin Saks fra radio, Tiina Kraas fra TV og Kaupo Pollinski fra avis. Etter kurset i Fredrikstad ble besøket avsluttet med en ukes hospitering ved medier i Oslo. Kurset skal gjentas i år med ca. 10 baltiske deltakere. Starten går 29. juli i Fredrikstad.

I sitt takkebrev skriver Saks, Kraas og Pollinski bl.a.: "Countless contacts with many Norwegians, representing a wide range of professions, the wonderful landscape of Norway and the possibility to learn how your people and your country lead the everyday life gave us much both practically and emotionally. Unfrotunately until now our people have had very little knowlwdge about all that. We would like to assure you that during the resent visit your three Estonian guests became true patriots for your beautiful country."

Søndag 3. mars reiste Odvar Aasen fra Instituttet i Fredrikstad sammen med en representant fra Utenriksdepartementet til Tallinn og videre til Riga og Vilnius for å avtale nærmere om deltakere til det kommende kurs for baltiske journalister.

Omkring månedsskiftet september/oktober arrangerer Universitetet i Oslo, Institutt for medier og kommunikasjon i samarbeid med Norsk Journalisthøgskole en konferanse for lærere i journalistikk, medier og kommunikasjon i de baltiske land. Også dette arrangementet er muliggjort gjennom en bevilgning fra Utenriksdepartementet. I alt seks professorer er invitert og fra Estland kommer professorene Marju Lauristin og Peeter Vihalemm fra Universitetet i Tartu. Konferansens tema er utviklingen og "frigjøringen" i baltiske medier. De norske deltakerne vil også skrive papers om våre medier. Etter konferansen vil de baltiske deltakerne få anledning til å drøfte undervisningsspørsmål og faglige problemer med norske kolleger. De vil også bli invitert til å besøke norske medier. Det er meningen at dette skal bli første steget i en mer regelmessig utveksling av lærerkrefter og faglige impulser. Kontakten med Tartu har også resultert i en artikkel om estisk presse i Pressens Årbok av Vihalemm og Lauristin.

Sv.H.

AGDERPOSTEN

hadde like før jul 1989 ein fin reportasje om seglskutekaptein **Ants Lepson** som etter 45 år i utlandet vende heim til Estland på besøk. Reportasjen var skriven av **Salve Haugaas** som nyleg sende oss kopiar av serien. Hjarteleg takk for det.

SOS BALTIKUM

er namnet på ein humanitær hjelpeaksjon som vart starta 4. januar då Vytautas Landsbergis var på vitjing i Oslo. Initiativtakar var Den Norske Helsingforskomitéen som gjer ein prisverdig innsats for Baltikum, og saman med mange organisasjonar og privatpersonar i det norske samfunnet stiller også Norsk-estisk kulturlag seg bak tiltaket. Det har alt gått ei stor sending medisin til Latvia og Litauen. Aksjonen har postgirokonto 0824 0194903 og bankkonto 7050.05.26562.

BALTIKUM I FOKUS

Dette var tittelen for eit fagleg seminar på Universitetet i Oslo 23. februar. Emne som vart tekne opp var Historisk bakgrunn og sammenheng (ved Ivo Iliste, leiar for Baltiska institutet i Stockholm), "Nasjonalisme" og nasjonal identitet i fleirnasjonale statar (ved professor Svein Mønnesland), Språk og kultur (ved professor Terje Mathiassen), Sentralmakt og menneskerettar (ved dosent Anders Fogelklou frå Uppsala).

Arrangør var det svært aktive Kulturlaget Norge-Latvija saman med Norsk Studentunion.

Det same kulturlaget var 4. mars også med på å arrangera ein støttekonsert til inntekt for universiteta i Baltikum. Konserten vart halden i Chateau Neuf der fleire kjende norske artistar stilte opp, m.a. Kari Bremnes, Steinar Ofsdal, Lars Klevstrand og Einar Henning Smeby.

FINN RADMANN frå Trondheim set igang strikkefabrikk i Haapsalu på vestkysten av Estland. Offisiell opning i april.

RADIOEN OG BALTIKUM
I januar og februar vart fleire medlemmer (i alle fall **Heidi Løvlund, Birte Svatun, Terje Mathiassen** og **Turid Farbregd**) kontakta både av rikskringkastinga og lokale radiostasjonar for å gi bakgrunn for hendingane i Baltikum.

To andre medlemmer har også vore aktive i radioen som morgonkåsørar: **Gerd Ramstad** og **Ivar Eskeland.**

Andre igjen har skrive i aviser og tidsskrift. Me tek gjerne imot både sjølvskrive og det som elles måtte stå rundt omkring i norsk presse. Pass då på å oppgi kjelde og dato om du sender oss utklipp.

KLEPP LEIKARRING
var sommaren 1990 invitert til folkedansfestival i Estland. **Gunnar Lode** sende kulturlaget kopi av ei 16 sider lang reiseskildring som **Audun Rosland** hadde skrive. Den var både interessant og spennande. Imponerande var det at gruppa hadde fått med seg så mykje av opplevingar og av kunnskap om landet dei vitja. No vil dei invitera den estiske vertsgruppa til Jæren, og det alt i sommar om dei får det til.

JAAN KAPLINSKI
fylte 50 år 22. januar. Litterturgranskarar og omsetjarar av estisk litteratur er inviterte til "Kaplinski-symposium" i Tartu og Tallinn 11.-14. mars. Turid Farbregd, som har gjendikta Kaplinski til norsk, reiser dit. I fjor vart syttiårsdagen til Jaan Kross markert på liknande vis med eit seminar.

TILLEGG TIL LITTERATURLISTA som stod i førre nummer:
Terje Baalsrud gav i 1990 ut ei bok med tittelen **"Stalin-Hitler-pakten og de baltiske staters skjebne."** Den er utgitt av Thoralf Raftos stiftelse for menneskets rettigheter med hjelp frå Stiftelsen MIRA for menneskets rettigheter, adr. Breiviken 2, 5035 Bergen - Sandviken. Denne boka har fått altfor få lesarar og altfor lite merksemd i forhold til kor interessant og viktig innhaldet er.

Snart kan me også føra opp **Jaan Kross: "Skrubbsår."** Det er ei samling med fem sjølvbiografiske noveller som Gyldendal gir ut med det første.

I tidsskriftet **Syn & Segn** nummer 1, 1991 fortel **Enel Melberg** om korleis det var å venda tilbake til Estland som ho hadde reist frå som eittåring i 1944. Enel er forfattar som skriv på svensk; ho sit no i styret for Norsk-estisk kulturlag.

I same nummer av Syn & Segn har **Jørgen Norheim** eit interessant intervju med Jaan Kross.

FREKK SITATBRUK
I denne litterære avdelinga kan me nemna at Ibsen har fått ny aktualitet for dei som må finna nye argument etter at eit klart fleirtal viste at dei ønskte sjølvstende for Estland. I avisa Rahva Hääl (Folkets røyst) stod det 5. mars eit innlegg av ein kjend Kreml-tilhengar. Han finn det på sin plass å sitera dokter Stockmann: "Majoriteten har aldri rett."

Men det er brennsikkert at med desse orda sikta Henrik Ibsen ikkje til situasjonen i Baltikum.

TREG POSTGANG
Den finske avisa Ilta-Sanomat har prøvd å finna ut kvifor posten frå utlandet, og då særleg pakkar brukar så lang tid før dei når mottakarane i Estland. Avisa meiner at ei av årsakene er at posthuset i Tallinn blei bygd på ei tid då det ikkje var meininga at det skulle koma noko særleg utanlandsk post. Av den grunn er dei avdelingane for små og dei er underbemanna. 24. januar låg det 1.500 uopna 20-kilos postsekker på hovudpostkontoret i Tallinn. Men framleis meiner me at det ville hjelpa stort på farten om posten ikkje gjekk via Moskva.

RASK OG SIKKER POSTGANG.
Norsk-estisk kulturlag har etablert sine eigne metodar og rutinar for brev og pakkar. Turid Farbregd som er skrivar for laget, bur i Helsingfors - dvs. 80 kilometer frå Tallinn. Ho tek imot post frå Noreg til Estland og frå Estland til Noreg og formidlar vidare. Stundom reiser ho sjølv til Tallinn og tek posten med seg, men oftare sender ho posten med andre som reiser over Finskevika. Kulturlaget har også inngått "samarbeids- og bistandsavtale" med **Tuglas-seura** (meir om dei i neste nummer?).

ESTLAND OG FÆRØYANE
Svært aktiv kulturlagsmedlem, og sjef på Nordens Hus i Torshavn, **Jan Kløvstad**, har sendt oss seks tette sider fulle av planar for kulturutveksling mellom Færøyane og Estland. Førebels veit me to estarar som kan færøyisk. Kor mange på Færøyane kan estisk?

FORENINGA NORDEN OG ESTLAND
Reidar Østgård, leiar i hovudstyret i Foreninga Norden, og Harald Løvaas, generalsekretær same staden, var i Tallinn og Tartu 31.1.-3.2. Dei bygde vidare på kontaktar som Løvaas alt hadde oppretta eit par månader tidlegare (sjå førre nummer av Norsk-estisk kulturnytt). Både radio og fjernsyn i Estland følgde med i det dei gjorde. Den estiske Foreninga Norden har førebels ikkje fått så mange medlemmer, men dei kjem truleg etter kvart når foreninga og arbeidsmåtane blir betre kjende.

EESTI-NORRA SELTS,
eller den estisk-norske vennskapsforeninga i Estland, har fått ny leiar: **Jaak Kangilaski**, rektor ved kunsthøgskulen i Tallinn. Han er kunsthistorikar og var 1982 seks månader i Noreg. Det var nok til at han plukka opp ein god del norsk språk og samla materiale til ei bok om Noreg, **Norra. Maa, rahvas, kunst.** (Noreg. Landet, folket, kunsten) som har vore nemnd i eit tidlegare medlemsbrev. Ho kom ut 1985 i eit opplag på 65.000 - og vart utseld på nokre dagar.

Me prøver å leggja til rette så eit sendelag på 4-6 personar frå foreninga kan vitja Noreg i april og førebu norske kulturdagar som dei skal halda i Tallinn 13.-19. mai.

LÄTI EESTI SELTS
betyr Latvias estiske forening. Leiar for foreninga er Leili Utno som har sendt oss eit brev der ho fortel om estarane i Latvia og arbeidet for å halda på estisk identitet.

TOVE KARIN VIKEN er stortingsrepresentant for sp frå Sør-Trøndelag. Ho vitja Estland 31.1.-3.2. og var så vennleg å senda oss ein rapport på sju sider frå turen. Takk for det!

SKI KOMMUNE har engasjert seg sterkt i Estland. I slutten av mai reiser, rådmannen, kultursjefen og skulesjefen til Estland.

KULTURLAGET SINE STIPENDIATAR

Fleire gonger har me kunna melda om stipendiatar som kulturlaget har teke imot. Det er stort sett folk som kjem for ei kortare tid, vanlegvis 1-4 veker. Først ut i år var kunsthistorikaren **Leila Anupõld** som 7.-15. januar sette seg inn i moderne norsk kunst.

I tida 22.2.-22.3. skal **Asko Künnap** hospitera på Statens håndverks- og kunstindustriskole i Oslo der **Roar Høyland** er rektor. (Høyland skal forresten til Tallinn i midten av mars saman med rektor-kollegaer frå dei andre nordiske landa. Der skal dei sjølvsagt treffa den estiske kollegaen **Jaak Kangilaski** og drøfta ulike former for samarbeid.)

Stort sett har stipendiatane vore innlosjerte i Kristiansandsgate 5 på Sagene i Oslo der kulturlaget til dette formålet har kunna disponera ei lita leilegheit vederlagsfritt. Den leilegheita skal pussast opp i sommar, og du som gjerne svingar målingskosten er velkomen til dugnadsarbeid. Ta kontakt med kulturlaget.

ESTISKE ELEVAR PÅ NORSKE FOLKEHØGSKULAR.

Slike er det for tida fem av. Fire av dei er komne via kulturlaget og ein via kristelege organisasjonar. Neste skuleår kan det bli ei tredobling av talet, og me er på god veg til å nå det det målet, for folkehøgskulane har vist stor velvilje når det gjeld å stilla friplassar til disposisjon for estarar.

Kulturlaget vil på si side halda eit introduksjonskurs for desse elevane i Estland. Dei treng dessutan kontaktfamiliar i Noreg og litt lommepengar. Alt dette kostar flesk, og det kostar arbeid. Kven melder seg som lærar til eit to vekers kurs frå midten av juli? Fritt opphald og kanskje reisetilskot er det me kan tilby. Og entusiastiske elevar, sjølvsagt.

TOOMAS HELP

frå Estisk institutt i Tallinn er på foredragsturne i Noreg (februar, mars og april) og kan bestillast til arrangement ymse stader i landet. Han var nettopp i Trøndelag ein tur, på Sund, Skogn og Gauldal folkehøgskular. Så heldt han ein førelesingsserie ved Universitetet i Oslo. No er han reist til Seljord og Ringerike. Neste veke skal han i alle fall til Olavskolen, Utgarden og Jæren. Han har fiolinist-kona si med på turnéen. Ho hjelper gjerne til med kunstnarleg innslag.

Koordinator er Tone Mørkved på Informasjonskontoret for folkehøgskolen, tlf. 02 - 41 66 75.

LÆREBØKER TIL ESTLAND

Etter initiativ frå **Inger Marie Waage**, Estlandsforeninga i Rogaland gav Aschehoug 16.500 lærebøker i engelsk og tysk til Estland. Kulturlagsmann **Matti Sormul** ordna transporten. Bøkene vart delte ut til mange skular rundt omkring i landet. Viktig hjelpar var **Meedi Neeme**; ho er lærar ved skulen i Viimsi utanfor Tallinn.

ESTLANDSKE KUNSTNERE STILLER UT I OSLO 1JUNI - 22 JUNI

Utstilling av: INDUSTIDESIGN OG BOKBINDERKUNST.
i GALLERI VOGNREMISSEN , Stortorvets Basar. ~ DOMKIRKEN

Kunstnerparet Ella og Mait Summatavet fra Tallinn,Estland er invitert til å vise sine arbeider.
Til daglig arbeider Mait Summatavet som ass. rektor ved Tallinn Univerisitet. Han er utdannet som interiørarkitekt, og har hatt mange store oppdrag innen USSR. Har innredt kontorene for president av artists union i Estland. Han tegner alle lamper og spesielle design som blir brukt i interiørene.Han blir regnet for en av de største designerene innen sitt felt i Estland. har mottat en lang rekke utmerkelser for sine arbeider. Han er den eneste designer som har hatt separat utstilling over sine arbeider i Moskva.

Ella Summatavet er professor i lær og bokbinderi på Universitet i Tallinn.
Hun har i lihet med sin mann hat en lang rekke separat-utstillinger av sine lærarbeider. Tallinn har et av verdens fremste tradisjoner når det gjelder bokbinding. Noen av de arbeider og teknikker som blir brukt er i særklasse i Europa.

Ella og Mait har tre barn, to døttre og en sønn. Det er mulig at noen av de arbeidene som disse jobber med også vil bli vist. Ene datteren er gull/sølvsmed samt grafiker , den andre jobber vesentlig med grafikk.

Landsforbundet NORSK FORM , som står som innbydere, holder lokaler og nødvendige kostnader under utstillingen.
Når det gjelder reise , forsendelse av arbeiden ,forsikkring osv., alle øvrige ting , må det bekostes av Ella og Mait.
Det sier seg selv at en må få midler til dette via offentlig eller privat.
Jeg skal i den grad jeg makter prøve å få til en finansiering for dette , da jeg ser som meget viktig at de får komme ut med sin utstilling.

VEL MØTT ALLE I VOGNREMISSEN. Ønsker noen videre detaljer kan jeg kontaktes. Gerd Ramstad, Skogveien 16 , 1342 Jar.

SOMMARTUR TIL ESTLAND

I førre nummer melde me om ei fellesreise for medlemmer i kulturlaget og i Foreninga Norden. I skrivande stund har me ikkje så mykje å leggja til fordi alt er på planleggingsstadiet. Du kan likevel markera interessa di og ta kontakt med laget. Me tek sikte på å reisa med buss gjennom Sverige, med båt til Tallinn, bu stort sett med privat innkvartering og vera heime igjen etter ei veke.

Me skal også granska tilboda frå den estisk-svenske forfattaren og politikaren Andres Küng som no også er blitt reiseoperatør. Me takkar han for det tilsende materialet.

TIL LESAREN

Tykkjer du meldingsbladet vårt er rotete? Då er me enige! Men det er mange slag utrekningar med i spelet, og eg gjer så godt eg kan på den tida eg kan bruka på desse "breva". Straks det melder seg nokon som gjer det betre, vil vedkomande få overlate heile sulamiten.

Skriftleg materiale frå fleire medarbeidarar kom dessverre ikkje med i dette nummeret fordi det ikkje kunne utsetjast ettersom det inneheld innkallinga til årsmøtet og derfor måtte sendast i veg fire veker før møtet skal haldast. Det manglar også omtale av prosjektet Nord-jobb. Både dette og resultatet av reisa til kulturlagsmedlem Otto F. Kaltenborn til Tallinn 7.-10. mars får me koma tilbake til. Det er rett og slett ikkje plass til meir no.

Helsingfors, 6. mars 1991

Turid Farbregd

Turid Farbregd

NORSK-ESTISK KULTURLAG
Norra-Eesti kultuuriühing
Dannet 1984
Postboks 1030 Blindern
0315 Oslo 3

Leiar:	Per Martin Tvengsberg, tlf. 065 - 23 468 Østre Disen 2300 Hamar
Nestleiar:	Enel Melberg, tlf. 02 - 44 48 98 Prof. Harbitzgate 19 0259 Oslo 2
Skrivar:	Turid Farbregd, tlf. (095-358-0-) 477 1 488 Granvägen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors
Kasserar:	Tuula Eskeland, tlf. 02 - 45 67 82 /14 52 88 Ural-altaisk avdeling Postboks 1030 Blindern 0315 Oslo 3
Styremedlem:	Heidi Løvlund, tlf. 03 - 95 33 03 3800 Bø i Telemark